

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. L8.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjelme land.

Emne: Julatre og julahalm.

Bygdelag: Hjelme land.

Oppskr. av: Anund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelme land.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har sputt Jone Eiane, f. 9/1 1877. Lærar.

Julatre er vanleg her no. SVAR Dotter til presten Brun var nokk den første som byrja med det her. Det var omkring 1880. Det var til å byrja med berre velståande folk som hadde råd til det. Det er gran og fura som vert nytta til ~~dak~~. julatre. I fyrstninga var det lærarane som skipa til festar for borna med i julatre i julhelga, seinare kom det meir og meir i bruk i heimane. Om dei hadde tre så pynta dei også med anna grønt, Kristtorn var og er vanleg å ha i vase på bord. Storleiken på treet er etter som plassent tillet det, og om det er barn i huset. Pyntet var flag, sjøllaga papirkorger, apelsiner, eple, ull, glaskuler, lys og stjerna i toppen. Det var vaksne som pynta treet, barna skulle ikkje sjå det før enn julahøgtida byrja. Det vart tent og nytta fleire gonger mens jula varte. Heile huslyden er med og går rundt treet, og alle må vera med og syng ja. Det var og er helst julasalmer som vert sunge. 13. dagen skulle treet vera hausta og ute, barn fekk gjera det. Det har hendt at også brakje er brukt som julatre. Kornband til füglane er ein gamal skikk som vert brukt enno. Men halm på golvet julafta kann ingen hugsa er brukt her. Men fin sand og finkhakka brakje.